

Styremøte i Vats Grendautval

Torsdag 05.09.13 i Vindafjordhallen kl 19:30

Desse møtte:

Severin Fatland

Steinar Sørhus

Karin Dyrland Frøland

Hilde Fadnes Hølland

Desse møtte ikkje:

Oddny Blikra

Alf Egil Vaula

Sak 1. VH 20 års jubileum

Det er nå bestemt at jubileumsfesten skal være 19.oktober. Det er nytt møte tysdag 10.09 for meir info. Karin stiller på møtet.

Sak 2. Sykkel- og gangsti frå Knapphus til Kårhus

Ikkje noko nytt angående dette prosjektet. Grendautvalet vil følgja opp saka.

Sak 3. Ny fartsgrense på vegen forbi Vats Skule

Steinar har laga ein søknad om redusert hastigheit frå 60km/t ved Vats skule/Kårhus, RV 46.

Søknaden er blitt sendt til Statens vegvesen – Region Vest med kopi til Vindafjord kommune. Bakgrunn for denne søknaden er den aukande trafikken. Det er særst tungtrafikk men også anna nærings- og privattrafikk som er aukande. Du kan sjå søknaden på Vatsnett.com.

Sak 4. Vegnamn

Grendautvalet har mottatt eit høyringsutkast angående namnsetjing av kommunal og privat veg. Frist for innsending er 28.09.13.

Det har kome eit forslag til namnending og det er Veldetun som er namngitt som Velletunvegen i kommunen sine sakspapir. Velle er det gamle namnet på staden. I pkt.2 i sakspapira står det at namnet bør byggje på den lokale namnetradisjonen. Det er svær få som i dag kjenner til dette namnet. Det er blitt brukt i gamle utskiftningspapir men blir bare omtalt som Velde i dag og er eit innarbeid namn som dei fleste kjenner til.

Vårt forslag er at Velletunvegen skal heite Veldetunvegen.

Sak 5. Detaljregulering for sjøområde i Vats- og Yrkefjorden

Grendeutvalet har mottatt eit høyringsutkast angående detaljregulering for sjøområde i Vats- og Yrkefjorden. Ein skriftleg merknad er sendt til Sissel Aarvik i Vindafjord kommune 10.09. Der skriv me at miljøhensyn må bli ivaretatt både når det gjeld til sjø, land og luft. Støy er også ein viktig faktor som må ivaretas, spesielt for dei nærmaste naboane. Arbeid på basen må heller ikkje skape hinder for båttrafikk i fjorden.

For Vats Grendautval, 10.09.13

Hilde Fadnes Hølland

-skrivar/nestleiar-